

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 25. november 2014.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Arne Vinje, Erik Skjervagen Kjell Magne Grave, Halvor Homme, Torstein Tveito, Per Dehli, Jan Myrekrok, Brit Houge, Sverre Sæter, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes. I tillegg møtte Jan Erik Innvær, Hans Kristian Lehmann og assisterande rådmann i Vinje, Anders Sandvik.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 60/2014 Referat frå rådsmøte 21. oktober 2014

Vedtak: Referat frå rådsmøte 21. oktober vart samrøystes godkjent.

Sak 61/2014 Forslag til budsjett 2015 for Vest-Telemarkrådet

Det låg føre forslag til budsjett 2015 for Vest-Telemarkrådet. Ole Dalen gjorde nærare greie for enkeltpostane i budsjettet og orienterte kort om dei ulike prosjekta som er knytt til budsjettet.

Vedtak: Vest -Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til budsjett 2015 med fylgjande endringar som kom fram i møtet:

- *Fordelingsgrunnlaget av finansieringa mellom kommunane vert basert på innbyggartalet pr. 31. 12. 2013 (2 år før budsjettåret)*
- *Konto 1080 - Godtgjersle folkevalde reduserast med kr. 69 000 - motpost "bundne fond"*

Budsjettet sendast til handsaming i Vest-Telemarktinget 2. desember.

Samrøystes vedtak.

Sak 62/2014 Kommunereform i Vest-Telemark, framlegging av forstudiet.

I denne saken stilte Per Dehli også som representant for Fylkesmannen.

I tråd med tidlegare vedtak låg det føre "Forstudie for kommunane i Vest-Telemark" utarbeidd av Hans Kristian Lehmann.

Arne Vinje stilte innleiingsvis spørsmål om kva som er formell bakgrunn for kommunereformen, og det kom fram at oppdraget ikkje er hjemla i lov men heller eit "oppdrag" frå eit fleirtal i Stortinget.

Per Dehli tar ansvar for å undersøke formalitetane nærare.

Hans Kristian Lehmann orienterte nærare om rapporten, som rår kommunane til å vedta eit forprosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet for å greie ut 2 alternativ:

- Ein kommune i Vest-Telemark
- Oppretthalde alle kommunane, men med ei forplikting om meir interkommunalt samarbeid.

Arne Vinje fann det problematisk å gje tilråding før eget kommunestyre har handsama saken og fremja fylgjande forslag til vedtak:

"Vest-Telemarkrådet har drøfta dokumentet "Kommunereforma - Forstudie for kommunane i Vest-Telemark". Dokumentet blir lagt fram for Vest-Telemarktinget 2. desember, og sendt over til kommunane i Vest-Telemark for vedtak om eventuell deltaking i eit forprosjekt slik det går fram av kapittel 11 i forstudiet.

Dette forslaget vart samrøystes vedteke.

Sak 63/2014 Forslag til ny postlov - høyring. Innleiande orientering v/Harald Omnes.

Det låg føre høyringsbrev frå samferdselsdepartementet med forslag til ny postlov og postforskrift. Harald Omnes orienterte innleiingsvis frå rettssaken han og 7 andre oppsittarar har ført mot Staten/Postverket når det gjeld postkasseplassering. Omnes har vunne både i tingretten og lagmannsretten, og det er førebels ikkje avklart om Staten/Postverket vil anke.

Vest-Telemarkrådet har vore engasjert i saken og har stilt økonomisk garanti med inntil 200 000 kroner.

Forslaget til ny postlov oppfattast å delvis vidareføre retningslinene for postkasseplassering som har vore sjølv grunnlaget for rettssaken.

I tillegg inneheld lovutkastet 2 alternative forslag til postomdeling. Det eine alternativet vidarefører postomdeling 6 dagar i veka, medan det andre alternativet inneber at laurdagsomdelinga fell bort.

Vedtak. På bakgrunn av saksdokumenta og innspel framkome i rådsmøtet 25. november får regionrådsleiar i oppdrag å utarbeide forslag til høyringsuttale i saken. Forslaget vert å sende ordførarane/rådmennene for godkjenning.

Samrøystes vedteke.

Sak 64/2014 Feieavgiftene i Vest-Telemark.

Styreleiar Hans Kristian Lehmann i Brannvernssamarbeidet var tilstades i denne saken.

Saken har kome opp etter innspel frå Halvor Homme der han peikar på at avgiftsnivået i vår region ligg på omlag det dobbelte av kva som er tilfelle i kommunane elles i Telemark og i Agder.

Hans Kristian Lehmann orienterte nærare og kunne vise til at det er tildels store skilnader mellom tala i KOSTRA og det som kommunane får rekning på. Han peika på moglege feilkilder i måten det blir rapport på.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet gjev rådmennene i oppdrag å undersøke nærare omkring kostnadsnivået på feieavgiftene i andre kommunar.

Resultatet av undersøkingane skal leggast fram for Vest-Telemarkrådet 10. februar 2015.

Sak 65/2014 Godtgjersle til regionordførar/regionvaraordførar

Det låg føre sak med forslag om å auke nivået på den årlege godtgjersla for regionordførar og regionvaraordførar og knyte godtgjerslene opp som ein prosentvis andel av stortingsrepresentants løn.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet utset saken og ber administrasjonen innhente nærare informasjon om nivået i andre regionar. Saken blir å sette opp for nærare drøfting i neste styremøte.

Samrøystes vedtak.

Sak 66/2014 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 2. desember

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 2. desember.

Sak 67/2014 Orientering om prosjektet "Ei vise vil eg kveda".

Aaslaug Vaa var tilstades i denne saken og orienterte nærare om prosjektet "Ei vise vil eg kveda".

Prosjektet omfattar 3 filmar der film nr 2 er under produksjon. Filmen handlar om kvedartradisjonen rundt Møsvatn, og skal bli ein kinodokumentar på 70 - 80 minutt.

Totalbudsjett er 2,5 mill kroner. Filmen skal vera ferdig i januar 2015.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 68/2014 Orienteringssaker.

Forutsigbare rammer i vidaregåande skule, svar frå Tfk.

Etter vedtak 2.september sende Vest-Telemarkrådet brev til Telemark fylkeskommune der vi mellom anna peika på trongen for meir forutsigbare driftsrammer for dei vidaregåande skulane. Brevet sette også fram ynskje om nærare dialog mellom fylkeskommunen og skulens leiing/nettverksgruppa. Av svarbrev datert 23. september går det fram at fylkeskommunen er opptatt av å skape forutsigbare rammer for alle skulane og at ein no vil evaluere fordelingsmodellen. Mellom anna vil ein vurdere om utkantskulane skal behandlast på ein annan måte enn skulane i dei sentrale områda.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek svaret frå Telemark fylkeskommune til vitande.

Lyntogforum.

Arne Vinje orienterte nærare om status for Lyntogforum Vestlandsbanen/Telemark.

Det er gjort vedtak i Telemark fylkesutval 13. oktober om å delta i Lyntogforum Vestlandsbanen.

Imidlertid er det sett som vilkår for å bidra økonomisk, at også Rogaland og Hordaland deltar i forumet. Saken skal opp til endeleg handsaming i fylkestinget i desember.

For å kompensere for bortfall av tilskot, har Lyntogforum sett i gang verving av nye medlemmer innan det private næringslivet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Møte med hovudutval for kompetanse 5. - 6. november.

Regionordførar orienterte frå møter med både sosialistisk og borgarleg gruppe i samband med bortfall av tilskot til Kvitsund Gymnas i fylkeskommunens budsjett for neste år.

Tema på møta var også det gode arbeidet som blir gjort av Vest-Telemark vg skule i samband med lærlingeplassar ved elektro-lina.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Vest-Telemarkkonferansen.

Regionrådsleiar orienterte frå arbeidet i arrangementskomiteen.

Vest-Telemarkkonferansen 2015 går av stabelen torsdag 5. februar. Tema denne gongen er:

"Nyskaping i etablerte bedrifter eller nyetablering ?"

Ein har ikkje lukkast i få næringsministeren til å delta, og det vert arbeidd med andre alternativ. Dei fleste foredragshaldarane elles er på plass.

Det kom fram i rådsmøtet at det er ynskjeleg å ha 2 innleiarar med ulik politisk ståstad, og fylgjande namn vart nemnt: Jonas Gahr Støre, Trond Giske og Dag Jørund Lønning.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes